



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Møteprotokoll

Møtedato: Møte nr. 4/ 2025 – Onsdag 3. September 2025, kl 16.30

Møtestad: Sveio Soknehus

Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:

Frå Sveio sokneråd:

Solfrid Lier Habbestad, Astrid Furdal, 1. vara Anne Gjelsvik Vierdal og 2. vara Sigrund Breistig

Frå Førde & Valestrand sokneråd:

Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge

Prest: Eirik Aadland Tappel

Fråfall vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Svein Arne Theodorsen

Fråfall til dette møtet: Tove Maryann Bjørge Ottesen, Anne Gjelsvik Vierdal, Sigrund Breistig og Elisabeth Reiersen.

Tekst for dagen ved Eirik Aadland Tappel.

Saker som vart handsama:

Godkjenningssaker.

20/2025 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 130525, vedlagt.

Drøftings- og godkjenningssaker.

21/2025 Rekneskap pr 310825.

22/2025 Investeringsbehov – ny tilhengar, robotklippar, oppgradering av kjøkken og tidlegare dåpssakristi i Sveio kyrkja – bruk av fond.

23/2025 Vedlikehaldsbehov – Valen kapell (Vindauga og rekkverk på trapp).

24/2025 Kontorsituasjonen på Kyrkjekontoret.

25/2025 Utviding gravplass ved Sveio kyrkje.

Orienteringssaker.

26/2025

A. Staben vår – nye tilsette.

- 010625: Oddrun Rosenberg Jacobsen – Prosjektleder for besøkstenesta innan diakoni 50%.
- 120825: Sissel Elisabeth Fjellsbø – Leder for Trusopplæringa 70%.
- 010925: Trude-Christina Helgesen Halvorsen - ny Sokneprest i Valestrand & Førde sokn.
- 010925: Lars Edvart Larsen – kontormedarbeidar rekneskap mm 20%
- 180925: Anne Gjelsvik Vierdal – kontormedarbeidar tusopplæring, samt oppfølging innmelding dåp, vigslar og gravlagde mm 20%
- 290925: Torbjørn Larsen – Fagarbeidar gravplassar og kyrkjebygg 60%.
- 290925: Sigbjørn Apeland – Kantor/ organist 60% – primært i Sveio sokn, samt Barnekoret mm.

B. Sakristia i Sveio kyrkje - kostnad, status og framdriftsplan. Prestesakristiet vart ferdigstilt til innsetjing av Eirik Aadland Tappel 090225. Kjøkken og tidlegare dåpssakristi gjenstår.

C. Rehabilitering v tak i Sveio kyrkje – finansiering, status og framdriftsplan. Det vert søkt Kirkebevaringsfondet om midlar til dette.

D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar – status og framdriftsplan for oppfølging. Under arbeid.

E. NY 040225/Solfrid: Referat/Møteprotokollar frå FR-møta. Referat frå både FR og SR-møta vert no lagt ut løpande på nettsida vår – under fana «Om oss» og dei ulike råda.

F. NY 130525: Nytt varmestyringssystem i Valestrand kyrkje – framdriftsplan tilseier at dette skal vera på plass i desember 2025.

G. NY 030925: Tilbakemelding frå kommunal representant etter møte med Formannskapet/ Dagfinn

H. NY 030925: Ny Rammeavtale elektriker – opsjon på kommunen sin avtale – iverksett.

I. NY 030925: Ny skulelev frå 10. klasse utplassert i arbeidstrening heile skuleåret 2025/2026.

J. NY 030925: Årskontroll brannslangar og slukkerar gjennomført 250825 – alle kyrkjer og kapell.

Neste møte 22.10.25, kl 16.00 – kjente saker. (Siste møte i år 101225).

- Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 030925
- Oppfølgingssaker frå 231123 – opplæring og kyrkje/ gravplassbesøk.
- Oppfølgingssaker frå 040624, 030924, 291024, 191124, 031224 og 040225, 250325, 130525, 030925..

Sveio, 27.08.2025

Solfrid Lier Habbestad (sign)
Leiar Fellesrådet

Rita Holmedal (sign)
Kyrkjeverje

GODKJENNINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.09.03	20/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 20/2025 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 130525.

Det var ingen merknader til Innkallinga eller møteprotokollen.

DRØFTINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.09.03	21/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

21/2025 Rekneskap pr 310825.

Dokument i saka:

Kyrkjevevja presenterte oversikt i møtet.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 030925:

Framlagt oversikt.

Behandling i møte 030925:

Kyrkjevevja presenterte rekneskapen pr 310825. Vi har pr i dag gode marginar på alle detajeområda (ansvarsområda) våre, men vi har pr august mottatt heile det kommunale tilskotet – det vert utbetalt 3 gonger i året – i mars, mai og august. Ut frå erfaringar så vil utgiftene dei siste månadane i året bidra til at tilskotet vert brukt opp.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 030925:

Rekneskapen pr 310825 vert tatt til orientering.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030925:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.09.03	22/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

22/2025 Investeringsbehov – ny tilhengar, robotklippar, oppgradering av kjøkken og tidlegare dåpssakristi i Sveio kyrkja – bruk av fond.

Dokument i saka: Kyrkjevevja presenterte saka i møtet.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 030925:

Kyrkjevevja presenterte ulike investeringsbehov.

Tilhengaren vår gjennom mange år har vore på kontroll og vart kondemnert, og her måtte vi berre handla raskt då den er i dagleg bruk på gravplassane. Vi henta inn tilbod, og fekk eit godt tilbod på ein heilt ny, men som hadde stått for sal ei tid. Pris kr 48 000 eks mva. Denne bestilt.

Vidare har vi henta inn tilbod på robotklippar – pris kring kr 45 000 eks mva inkl programmering. Denne er det ønskeleg å testa ut før vi effektuerar ei bestilling. Pga sjukdom hos leverandøren må denne testinga utsetjast til i nest sommar. Det er elles klargjort frå vår side – slik at roboten kjem seg over stiane på gravplassen. Prøveprosjektet vi bli på Sveio gravplass – der det er enklast å følgja opp i ein utprøvingsperiode.

I tillegg bør vi kjøpa inn snøfres til gravplassane – det har dei siste to åra vore bra med snø, og det er ikkje forsvarleg at snømåking føregår med handamakt. Tilbod vert henta inn.

Behandling i møte 030925:

Møtet stilte seg bak behovet.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 030925:

I tillegg til innkjøpt ny tilhengar, vert det kjøpt snøfres til gravplassane dette året.

Robotklipparen er det ønskeleg å testa ut før ei bestilling vert effektuert, og innkjøp vil dermed først bli effektuert i 2026.

Det blir henta midlar frå vedlikehaldsfondet om nødvendig.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030925:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.09.03	23/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

23/2025 Vedlikehaldsbehov – Valen kapell (Vindauga og rekkverk på trapp).

Dokument i saka:

Kyrkjeverja presenterte saka i møtet

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting og vedtak 030925:

Det er ulike vedlikehaldsbehov ved Valen kapell, men roteskade på og rundt vindauga er mest presterande. Elles bør vi følgja opp oppfordringa vi fekk av Biskopen under Bispevisitasen september 2024 – universell tilgang til kyrkjer og kapell – slik tilgang finnest ikkje ved Valen kapell. Dei andre kyrkjene og Eikeland kapell har dette, men tilgangen til scenen i Sveio kyrkja og Valestrand kyrkje bør 'og sjåast på.

Behandling i møte 030925:

Kyrkjeverja ønskjer å effektuera midlertidig utbetring av vindauga i Valen kapell – større utbetringar må søkjast Riksantikvaren om – då dette er eit verna/ listeført bygg.

Elles vil vi sjekka ut støtteordningar i høve til universell tilgang til det som er nemnt i framlegg til drøfting.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 030925:

Vi gjennomfører nødvendig midlertidig vedlikehald av vindauga i Valen kapell med eigne midlar.

Det vert vidare søkt om midlar via Riksantikvaren og andre støtteordningar som td

Kirkebevaringsfondet til dei universale tilgangane.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030925:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.09.03	24/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

24/2025 Kontorsituasjonen på Kyrkjekontoret.

Dokument i saka:

Kyrkjevevja presenterte saka i møtet

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 030925:

VI har no snart tilsett i alle dei vakante stillingane i STABEN, samt i ein ny stilling.

Det har gitt oss utfordringar i høve til kontorplass til alle. Det er ikkje ønskeleg at personar som jobbe med heilt ulike ting skal dela kontor – det skapar unødig frustrasjon ved telefonbruk og besøk, men vi har gjennomført det der personar jobbe innan same arbeidsfelt. For å få kabalen til å gå opp må dei med deltidsjobb elles dela på dagar, men det er ikkje alltid like enkelt å få til ut frå arbeidet som skal utførast. Vi har pr i dag ikkje kontorplass til organistane våre.

Behandling i møte 030925:

Kyrkjevevja hadde ønske om å ta saka vidare til kommunen, og ei løysing kan vera å nytta eksisterande garasje til nye kontorplassar, og byggja ny reiskapsbod på noko av arealet som er sett av til utviding av gravplassen ved Sveio kyrkja. Gravplassen har ingen plass til reiskapar pr i dag og det er eit behov som kan løysast på denne måten.

Møtet støtta forslaget.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 030925:

Kyrkjevevja tar kontorsituasjonen på kyrkjekontoret - med forslag til løysing - opp med kommunen – første gang i møte med formannskapet 20.10.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030925:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.09.03	25/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

25/2025 Utviding gravplass ved Sveio kyrkje.

Dokument i saka:

Kyrkjeverja presenterte saka i møtet

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 030925:

Gravplassen ved Sveio kyrkja fyllest opp, og vi bør starte prosessen med utviding.

Gravplassen var ny i ????, og den hadde då plass til ??? graver. I perioden 2023-2025 hittil har vi gravlagt totalt ??? personar; I 2023 - ??, i 2024 - ?? og hittil i 2025 - ??

Det er dermed totalt plass til ?? ny graver utanom dei som er festa, og nokre av dei nye kan bestilla festa grav ved sida.

Vi er kjende med at kommunen har tatt av areal til utviding av denne gravplassen, og at prosessen dermed vil bli noko kortare enn det vi opplevde med utviding av Eikeland gravplass, men slike prosessar tar tid – så det er viktig å starte planlegginga i god tid.

I tillegg til gravplassen ved Sveio kyrkja, minke det 'og på plass på gravplassen ved Valestrand kyrkje.

Her har vi gravlagd følgjande: i 2023 - ??, i 2024 - ?? og hittil i 2025 - ??

Det er pr i dag totalt plass til ?? nye graver utanom dei som er festa, og nokre av dei nye kan bestilla festa grav ved sida.

Gravplassen ved valen kapell vert stort sett no berre nytta til festa graver, det gjeld 'og Fjellstad nedre og øvre

Fleire tal kjem på plass til neste møte i FR 221025.

Behandling i møte 030925:

Kyrkjeverja hadde ønske om å ta saka vidare til kommunen.

Møtet støtta forslaget.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 030925:

Kyrkjeverja tar saka om gravplassane opp med kommunen - første gang i møte med formannskapet 20.10.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 030925:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

ORIENTERINSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.09.03	26/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

A. Staben vår.

Status 130525: Ingrid Pedersen Furdal slutta 290224, Haldis Rolfsnes Stueland gjekk av som førtidspensjonist 010225. Brit Kannelønning Olsen slutta 300924. Jeroen Bode slutta 020525, men avspaserte i april med oppsparte timar frå i fjor sommar. Anne Gjelsvik Vierdal hadde svangerskapspermisjon fom 13.12.24 tom 07.08.25 + ferie. – tilbake 150925.

Oddrun Rosenberg Jacobsen starta i nyoppretta prosjektstilling for besøkstenesta innan diakoni 010625. Sissel Elisabeth Fjellsbø starta i stillinga som leiar for kyrkjelydsarbeidet 120825t, og Alie Hamberg vil auka stillinga si som kontor frå 30 til 50% fom 010825. Vi jobbar for tida med å få på plass ny tilsett for Jeroen Bode, samt ny organist etter Ingrid.

B. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.

040624: Arbeidet her er planlagt med egne ressursar og noko dugnadshjelp, og vil bli jobba med haust/ vinter 2024/ 2025 og 2025/2026..

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for det vidare arbeidet med sakristia inntil dei er ferdigstilte. Planleggingsarbeidet er starta og prestesakristiet vert prioritert sidan det vert mest brukt. Vi vurderer 'og opp-pussing av det som vert nytta som dåpssakristi i dag - etter at dei to sakristia vi no jobbe med er ferdige.

Status 031224: God framdrift i prestesakristiet – gammal tapet og el kablar er fjerna, og maling av lister godt i gang.

Status 040225: Ny tapet på plass og klar for maling – eit mål om å ha prestesakristiet klart til innsetjing av ny sokneprest 090225.

Status 250325: Prestesakristiet vart ferdigstilt til innsetjing av ny sokneprest 090225. Arbeidet med noverande dåpssakristi/ kjøkken er under planlegging og blir prioritert framfor det andre sakristiet som for tida vert nytta til el installasjonar og noko lager.

Status 030925: Uendra.

C. Rehabilitering av tak i Sveio kyrkja – kostnadsestimat, finansiering, status og framdriftsplan.

Status 291024: Det var synfaring med prosjektleiar Andreas Ekrheim, kulturkonsulent i kommunen Ellen Tveit, arkitekt og bygningsvernrådsgjevar ved Sunnhordland Museum, Kathrine Norum 24.09. Målet var å få oversikt over arbeidet som skulle gjerast, og som kunne resultera i ein rapport som skulle leggja grunnlag for ein søknad til Kyrkjebevaringsfondet – der fristen for å søkja om midlar for 2025 er 04.11. Prosjektleiar har i ettertid utarbeida grunnlagsrapport og kostnadsramme på 2,7 mill for prosjektet, og Kyrkjeverja vil innan fristen søkja om midlar frå fondet dokumentert i utarbeida rapport og kostnadsramme.

Status 031224: Søknaden vart sendt innan fristen – meir dokumentasjon er etterspurt og prosjektleiar i kommunen og Kyrkjevevja følgjer opp.

Status 250325: Ny oppdatert søknad vert sendt i løpet av hausten.

Status 030925: Uendra.

D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.

040624: Viser tilsynsrapport for Sveio kyrkja som var vedlagt innkallinga til møtet.

Tilbakemelding med framdriftsplan vart sendt Tilsynet HBR innan fristen 150624.

Framdriftsplanen legg opp til at vi skal ha korrigert for påpeika avvik i løpet av hausten.

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for den vidare prosessen med frist 31.12.

Status 031224: Første møtet i prosjektgruppa blir halde 051224 – oversikt og framdriftsplan.

Status 030925: Under arbeid.

E. NY 040225/Solfrid: Referat/Møteprotokollar frå FR-møta er etterspurde på Heimesida til kyrkja, og blir lagt ut så snart som muleg.

Status 030925: Referat frå både FR og SR-møta vert no lagt ut løpande på nettsida vår – under fana «Om oss» og dei ulike råda.

F. NY 130525: Nytt varmestyringssystem i Valestrand kyrkje.

Finansiert med investeringsmidlar frå kommunen og tilskot frå ENOVA – oppstartmøte halde 070525 – framdriftsplan tilseier at dette skal vera på plass i desember 2025.

Status 030925: Uendra.

G. NY 130525: Tilbakemelding frå kommunal representant etter møte med Formannskapet/ Dagfinn. Møtet med Formannskapet er utsett.

H. NY 030925: Ny Rammeavtale elektrikar – opsjon på kommunen sin avtale – iverksett.

Framover vil dermed Frøvik Elektro AS vera kyrkja sin kontakt innan elektrikartenester.

I. NY 030925: Ny skulelev frå 10. klasse utplassert i arbeidstrening heile skuleåret 2025/2026.

J. NY 030925: Årskontroll brannslangar og slukkerar gjennomført av Presto AS 250825 – alle kyrkjer og kapell godkjende med mindre oppdateringar.

Rita Holmedal – Kyrkjevevje/ referent

Signaturar: